

## Saksframlegg

Arkivreferanse:2019/24971- 1  
Saksbehandler: Arne Hope  
Avdeling: Fylkesrådmannen

## Framtidig organisering av Vestlandsrådet

### Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
		Vestlandsrådet

### Vedlegg:

1 Ny samarbeidsavtale

## Fylkesrådmannens innstilling

1. Vestlandsrådet rår til at Møre- og Romsdal, Vestland og Rogaland vedtek framlegg til ny samarbeidsavtale slik han ligg føre. Dette inneber at dei tre samarbeidande fylka har like mange representantar og betaler like stor kontingent til rådet.
2. Fylkesrådmannen i Rogaland går i løpet av hausten 2019 gjennom og oppdaterer nettsida vestlandsraadet.no i samarbeid med dei øvrige fylkeskommunane.

Inge Smith Dokken  
fylkesrådmann

Arne Hope  
sekretariatsleiar

## 1 Bakgrunn og problemstilling

Denne saka har sitt utspring i at Arbeidsutvalet i møtet 25. mai 2018 ba om at det vart lagt fram ei sak om framtidig samarbeid i Vestlandsrådet, mellom anna sett i lys av regionreforma.

Saka "Vestlandsrådet og framtida" har vore drøfta på alle tre møta i 2018 og på det første i 2019. Det har vore semje om å koma tilbake til endeleg handsaming etter at det er klart kva oppgåver dei nye regionane etter kvart vil få. Ordlyden i vedtaket 1. november 2018 var:

*"Vestlandsrådet held fram som felles organ for vestlandsfylka. Eiga sak om innhald, organisering og arbeidsplan for Vestlandsrådet blir å legge fram til behandling i første møte i 2019."*

På møtet i rådet 15.02. 2019 vart det gjort følgjande vedtak:

1. *Vestlandsrådet skal halde fram som felles organ for dagens fire fylkeskommunar, og frå 1.1.2020 for dei tre fylkeskommunane Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal.*
2. *Vestlandsrådet prioriterer følgjande saksområder som særleg viktige for samarbeidet framover:*
  - *Samferdsel*
  - *Marin forsøpling*
  - *Cruise og Reiseliv (Scenarioprojektet)*
  - *Internasjonale engasjement som underbygger punkta ovanfor*
  - *Infrastruktur*
  - *Kultur og identitet (AU jobber vidare med dette)*
3. *Rogaland fylkeskommune vert også beden om å leggja fram ein modell for representasjon og økonomisk medverknad.*
4. *Styringsdokumenta for Vestlandsrådet skal gjennomgås i løpet av første halvår 2019. Dette inneber også at administrative ordningar knytta til Vestlandsrådet blir gjennomgått. Rogaland fylkeskommune, som leier Vestlandsrådet i 2019, bes legge opp prosessar for dette, og legge fram sak i junimøtet.*

Denne saka handlar om dei styrande dokumenta *politisk plattform, samarbeidsavtale og vedtekter*. Desse er eit samla uttrykk for form og innhald i vestlandssamarbeidet.

Etter møtet 15. februar vart det utarbeidd eit høyringsnotat som vart sendt til fylkeskommunane med svarfrist 10. mai. Høyringsnotatet inneheldt ein gjennomgang av plattformen, vedtektene, samarbeidsavtalen og nettsida *vestlandsraadet.no*

Hordaland og Sogn og Fjordane (Vestland) har gitt eit felles innspel i ein e-post av 23. mai.

I denne saka vil ein gå gjennom, og koma med framlegg til revidert plattform, samt ny samarbeidsavtale.

## 2 Vedtekter / samarbeidsavtale

Frå 1. januar 2020 gjeld ny kommunelov, med nytt regelverk for samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar. Frå same dato vil det vera tre, og ikkje fire partar i Vestlandsrådet.

Kapitel 18 i den nye kommunelova som vert sett i verk frå 2020 inneheld nye reglar for samarbeid mellom kommunar/fylkeskommunar. Samarbeid mellom kommunar eller fylkeskommunar som er regulert i nåverande § 27 i kommunelova har fått ein frist på fire år til å tilpassa seg ny kommunelov. Dei føreslegne vedtektene er i tråd med ny kommunelov, med følgjande atterhald:

Vestlandsrådet er det som i den nye lova blir kalla «interkommunalt politisk råd», og skal ha etter § 18-1, tredje ledd, ha dette med i namnet.

I § 18-3 , første ledd står det at det øverste organet i samarbeidet skal kallast representantskapet.

I og med at det førebels ikkje er nokon praksis på dette, har vi retta to spørsmål til Kommunal- og moderniseringsdepartementet:

1. Må også eit samarbeid mellom fylkeskommunar ha «interkommunalt politisk råd» med i namnet?
2. Kan representantskapet vera identisk med Vestlandsrådet?

Ei avklaring på dette vil nok koma før dei tre fylkeskommunane skal handsama samarbeidsavtalen, så ein vil då ha høve til å justera denne i tråd med det svaret som kjem.

Fylkestinget vel sjølv medlemer og varamedlemer til Vestlandsrådet for valperioden. Det nye i lovteksten er at ein deltakar i samarbeidet kan skifta ut medlemer eller varamedlemer i løpet av perioden.

I den nye kommunelova krevst det at det skal settast opp ein samarbeidsavtale. (Nåverande lovtekst bruker ordet vedtekter.) I framlegget til samarbeidsavtale har vi teke med det som den nye lovteksten krev at samarbeidsavtalen skal innehalda.

Framlegg til samarbeidsavtale startar med ein generell del, der ein mellom anna har med det som krevst i § 18-4, fjerde ledd, bokstav a, b og c. Det er lagt inn setningar frå nåverande samarbeidsavtale som legg vekt på at det er eit politisk samarbeid, bygd på rausheit, respekt og ei positiv innstilling til samarbeid.

Sjølv om Vestlandsrådet er eit politisk samarbeid, så vil ein vera avhengig av at tilsette i fylkeskommunane vert gitt rom til å arbeida med saker knytta til vestlandssamarbeidet. Det må vera ei forståing for at det fylket som har leiarskapen, kan koordinera personar på tvers av fylkesgrensene.

Under «Føremål» har ein nytta dei same formuleringane som tidlegare. Dei er framleis dekkande for Vestlandsrådet si verksemd.

## Tre samarbeidande fylker, - kva nå?

### Representasjon

Vestlandsrådet har sidan opprettinga i 2003 hatt 20 medlemmer, 5 frå kvart fylke. Utgiftene har vore delt likt på fire, -med mindre det har vore snakk om spesielle tiltak som berre gjeld nokre av fylka.

Lik representasjon og lik fordeling av utgifter har vore løysinga, sjølv om fylka varierer i folketal. Etter samanslåinga vil forskjellen auka ytterlegare, ved at Vestland får omlag 633 000 innbyggjarar, Rogaland omlag 474 000 og Møre og Romsdal omlag 267 000.

Spørsmålet melder seg då om ein skal halda fram med ein lik fordeling av rettar og plikter, eller om ein skal differensiera etter folketalet.

Før ein drøfter dette, må ein sjå på kva type organ Vestlandsrådet er. Er det eit organ som ofte fattar vedtak etter avstemmingar? Er det eit organ der skiljelinjene ofte står mellom fylka? Eller er Vestlandsrådet ein stad der ein drøfter seg fram til konsensus, og står fram for dei sakene ein kjem til er felles for Vestlandet.

Svarer ein ja på dei to første spørsmåla, så blir representasjonsproblematikken viktig. Då kan det vera «rettferdig» at det store fylket får ein sterkare representasjon enn det vesle.

Men er svaret ja på det siste spørsmålet, kan drøftinga omkring representasjon bli meir pragmatisk.

Ein kan setta opp følgjande alternativ for representasjon:

Alternativ 1: Fordelinga blir som før: Vestland får 10 representantar og betaler halvparten av utgiftene i Vestlandsrådet

Alternativ 2: Kvart fylke får like mange representantar kvar og betaler ein tredel kvar. Talet på representantar kan vera 5, 6 eller 7 frå kvar region.

Alternativ 3: Representantar og bidrag blir fordelt etter folketalet, noko som vil gje slik representasjon: Rogaland 6, Vestland 9, Møre og Romsdal 5.

Tilbakemeldinga frå fylkeskommunane går ut på at Vestlandsrådet er ein stad der ein tek opp saker ein stort sett er samde om, og i liten grad har oppe skarpe debattar, korkje på tvers av parti eller distrikt.

Fylkesrådmannen foreslår derfor at dei tre fylkeskommunane får ein lik representasjon, trass i forskjellane i folketalet.

Så til talet på medlemer: Med fem representantar frå kvart fylke sikrar ein at ikkje berre leiinga, men også den politiske bredden er representert i rådet. Eit Vestlandsråd med til dømes berre fylkesordførar og varaordførar vil ha meir preg av eit koordinerande kontaktutval. Ein kan risikera at dette vil ha mindre politisk tyngde enn med fem medlemer frå kvart fylke.

I den grad eit minimalisert Vestlandsråd med fylkesordførar og varaordførar er noko alternativ, så vil ikkje fylkesrådmannen gå inn for dette.

Med fem medlemmer frå kvart fylke vil dette bli 15 til saman. Dersom ein ønskjer å ha om lag det same talet på medlemmer i Vestlandsrådet som no, kan ein utvida talet på representantar frå kvart fylke. Spørsmålet er då om ein får ein breiare parti- og distriktmessig representasjon. Dette blir eit hypotetisk spørsmål, all den tid ein ikkje kjenner resultatet av fylkestingsvalet i september. Konsekvensane av å velja 6 eller 7 medlemmer frå kvart fylke til det nye Vestlandsrådet er såleis umogeleg å sei noko om.

Dagens Vestlandsråd har for øvrig denne partimessige samansettinga: AP, H og SP: 4 kvar. Krf og Frp: 3 kvar. SV og V: 1 kvar.

Konklusjon: Fylkesrådmannen foreslår at Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland vel 5 medlemmer kvar til den nye Vestlandsrådet.

### Leiing

Det vert ikkje føreslege endringar i den politiske leiarsstrukturen i Vestlandsrådet. Mogelege alternativ til denne kan vera:

- å utvida perioden for leiarskap frå eitt til eksempelvis to år
- at varaordføraren i det fylket som har leiarskapen og er nestleiar

Eit år går fort, og ein erfarer at kontinuiteten i rådet sitt arbeid kunne vorte betre med ein lengre leiarsperiode. Hittil har det vore slik at eit fylke har hatt leiarskapen kvart fjerde år. Heretter vil det bli kvart tredje år. Aukar vi leiarskapsperioden til to år, vil kvart fylke ha leiarklubba kvart sjette år. Det er lang tid.

Med eitt-årig leiarskap vil Vestland ha leiarskapen både første og siste år i neste valperiode. I den neste valperioden vil dette gjelda Møre og Romsdal, osb.

Fylkesrådmannen foreslår at ein held fram med eitt-årig leiarskap i rådet.

Nåverande vedtekter seier at nestleiar i rådet skal vera ordførar i det fylket som skal overta leiarskapen året etter. Har leiaren forfall, er det altså ikkje varaordføraren i leiarfylket, men ordføraren i eit anna fylke som tek over.

Utover å gjera merksam på problemstillinga, så har ikkje fylkesrådmannen framlegg til endringar.

### Arbeidsutvalet (AU)

Fylkesrådmannen foreslår ingen reelle endringar i AU sitt mandat, men ser at teksten bør presiserast. Nåverande ordlyd er slik:

*«Det er oppretta eit AU med dei fire fylkesordførarane. AU skal ha følgjande funksjonar:*

- *AU skal vere eit organ som set den politiske dagsorden; – avklare kva saker som ein skal jobbe med mellom møta og fastsete rammer og program for møta i Vestlandsrådet.*
- *AU skal ta avgjerd i saker mellom møta der dette er nødvendig og etter mynde frå Rådet.»*

Fylkesrådmannen har eit forslag til ny tekst. Sjølv om det er ein innarbeidd praksis å halda møte via telefon/Skype, så er det greitt å få dette formalisert i samarbeidsavtalen.

*«Dei tre fylkesordførarane er arbeidsutval (AU) for rådet.*

*AU skal vera eit organ som set den politiske dagsorden og som tek avgjerd i saker mellom møta der dette er nødvendig.*

*Vestlandsrådet kan delegera til AU å fatta vedtak.*

*Møta i AU kan haldast via telefon/videokonferanse dersom det ikkje er høveleg å møtast fysisk.»*

### **Sekretariat**

Sekretariatsfunksjonen er omtalt litt ulikt i nåverande vedtekter og samarbeidsavtale:

Vedtektenes §9, første og andre ledd:

*«Sekretariatet er sett saman av eit medlem (tilsett) frå kvar av fylkeskommunane og blir leia av ein dagleg leiar. Medlemmene av sekretariatet er sekretariatsleiarens «daglege» kontaktpunkt mot fylkeskommunane.*

*Fylkesrådmennene i dei deltakande fylkeskommunane deltek i saksførebuinga for rådet.»*

Samarbeidsavtalen:

*«Det er oppretta ei stilling som sekretariatsleiar. Sekretariatsleiar rapporterer til fylkesrådmannen i det fylket som har leiarvervet. Sekretariatet skal trekkje på dei totale ressursane i dei fire fylkeskommunane. Jfr § 9 i vedtektene.»*

Sekretariatsfunksjonen i Vestlandsrådet er såleis alt frå å leggja til rette for møta i rådet, til å koordinera og arbeida med aktuelle fellesprosjekt.

Ikkje alt dette kan nedfellast formelt i ein samarbeidsavtale. Fylkesrådmannen foreslår ein ny formulering av sekretariatsfunksjonen, som ein vurderer som meir tenleg og dekkande:

*«Fylkesrådmannen i den fylkeskommunen som til ei kvar tid har leiarvervet*

- har innstillingsrett til rådet*
- har ansvaret for sekretærfunksjonen*
- koordinerer det administrative og saksførebuinge arbeidet*
- koordinerer i samarbeid med dei andre fylkeskommunane arbeidet med prosjekt som er sett i gang av Vestlandsrådet»*

### **Møte i Vestlandsrådet**

Det er sett opp eige avsnitt om møte i rådet. Dette ligg litt spreitt i nåverande vedtekter og samarbeidsavtale.

### Økonomi – budsjett – rekneskap

Med 4 deltakande fylkeskommunar har Vestlandsrådet hatt faste inntekter på kr 500 000,- frå kvar, til saman 2 mill kr.

Når det gjeld økonomi, må ein ta stilling til to spørsmål: Det eine er om fylkeskommunane framleis skal yta ein like stor sum. Det andre er om den totale ramma er stor nok til den aktiviteten rådet driv.

Med tre deltakarar og 500' kr frå kvar, blir summen til rådvelde 1,5 mill kr, og ikkje 2 mill.

Fylkesrådmannen meiner at bidrag til rådet må sjåast saman med representasjonen, og at kvar av fylka såleis skal betala same summen.

Valet står då mellom å senka aktivitetsnivået og å pålegga Møre og Romsdal og Rogaland ei større utgift. Ikkje noko av dette er ønskjeleg, men ein må gjera eit val.

Dei siste åra har utgiftene til Vestlandsrådet vore (tala i heile 1000kr):

2015	1 739
2016	1 972
2017	1 848
2018	3 073
2019 (budsjett)	1 735 + 400 *)

\*) Hydrogenstrategi, bedt om løyving frå fylkeskommunane

I «normale» år vil eit driftsbudsjett på rundt 2 mill kr vera tilstrekkeleg. Men når Vestlandsrådet skal finansiera felles prosjekt med lønsutgifter, kan det vera trong for meir. Då har ein valet mellom å ha ein økonomisk buffer, og å be fylkeskommunane om ekstra løyving sak for sak.

Konklusjon: Fylkesrådmannen foreslår at Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland betaler kr 700 000,- kvar til Vestlandsrådet årleg. Dette gjev årlege inntekter på 2,1 mill kr, og er uttrykk for det aktivitetsnivået rådet skal ha i snitt over tid. Vil rådet gå inn på særleg kostbare prosjekt, vert dette teke opp som eiga sak i dei tre fylka.

Merk at ein foreslår at sak om kontingent vert handsama på siste møte før budsjettåret, og at rådet som før handsamar sitt eige budsjett på første møtet i budsjettåret. Evt kan heile budsjetthandsaminga leggast til siste møte før budsjettåret, slik som ordinært i fylka.

### Endringar i samarbeidsavtalen

Endringane i nåverande vedtekter må vedtas av fylkestinga etter at Vestlandsrådet har uttalt seg, medan endringar i samarbeidsavtalen kan gjerast av Vestlandsrådet etter at framlegga er sendt medlemsfylka til uttale.

I ny kommunelov er dette regulert i § 18-4. I fjerde ledd er det sagt konkret kva endringar som må handsamast av alle eigarfylka:

- a) *rådets navn*
- b) *om rådet er et eget rettssubjekt*

- c) *hvor mange medlemmer den enkelte deltakeren skal ha i representantskapet*
- d) *hvilke saker rådet skal kunne behandle*
- e) *hvilken myndighet som er lagt til rådet*
- f) *den enkelte deltakerens eierandel i rådet og ansvarsandel for rådets forpliktelser hvis ansvarsandelen avviker fra eierandelen*
- g) *hvordan deltakerne kan tre ut av rådet*
- h) *hvordan rådet skal oppløses, blant annet hvem som skal ha ansvaret for oppbevaringen av rådets arkiver etter at rådet er oppløst.*

I samarbeidsavtalen er ikkje dette lista opp, men det er vist til lovteksten.

Øvrige endringar i samarbeidsavtalen kan gjerast av rådet sjølv.

### **Oppseiing/opphør av samarbeidet**

Ny kommunelov krev at samarbeidsavtalen skal fastsetta korleis deltakarane kan tre ut av rådet og korleis rådet skal oppløysast. Ein skal og ha bestemmelsar om oppbevaring av arkiv.

Arkivet har hittil vore knytta til det fylket som har leiar/sekretariatsfunksjonen. Men i Prop.46L (2017-2018) står det:

*«Arkivfaglige prinsipper tilsier at arkiver fra en arkivskaper skal holdes samlet og atskilt fra andre arkivskaperes arkiver. Arkivmaterialet kan altså ikke deles opp med sikte på fordeling mellom de kommunene eller fylkeskommunene som har vært deltakere i rådet. Deltakerne må derfor i samarbeidsavtalen ta stilling til hvordan arkivmaterialet skal behandles etter en eventuell oppløsning.»*

Det må såleis opprettast eit eige arkiv for Vestlandsrådet. Både dette og prosedyrar for oppbevaring av arkiv etter ei eventuell oppløysing må inn i samarbeidsavtalen.

### **3 Om møta i Vestlandsrådet**

Dei tre møta i Vestlandsrådet går på omgang mellom fylka. Dei blir av og til lagt til Gardermoen på grunn av reisetid og reisekostnader.

Uansett kvar ein legg møta, så er dei samla sett kostbare, og dei bind opp minst ein heil dag for deltakarane. I tillegg til å drøfta saker og fatta vedtak, har ein ofte hatt ulike presentasjonar og orienteringar om aktuelle prosjekt og saksområde. Dette bør ein halda fram med, for å gjera møta nyttige og attraktive.

Organiseringa av møta vil måtta tilpassast talet på saker og aktuelle emne. Det er såleis ikkje aktuelt å gje detaljerte føringar om møta i samarbeidsavtalen.

### **4 Meir om det daglege arbeidet med vestlandssamarbeidet**

Vestlandsrådet først og fremst er eit politisk samarbeid. Men mange personar i og utanfor fylkesadministrasjonane er involvert i arbeidet rundt rådet. Det er derfor viktig med eit godt engasjement i fylka og ein god kontakt mellom fylka. I dette avsnittet vil det bli nokre føringar for korleis ein meiner vestlandssamarbeidet skal fungera best mogeleg på det administrative planet.



I praksis består den administrative delen av vestlandssamarbeidet av faglege arbeidsgrupper på tvers av fylkesadministrasjonane, av prosjekt som Vestlandsrådet finansierer, og av ein kontaktperson i kvart fylke. Arbeidet vert koordinert av ein sekretariatsleiar som skiftar kvart år.

I forslaget til ny samarbeidsavtale er sekretariatet formulert knapt og formelt, då organiseringa ligg til fylkesrådmennene. Likevel vil ein her sei litt om korleis samarbeidet bør vera for å kunna fungera best mogeleg.

### **Sekretariatsleiing**

Gitt at ein skal ha ein sekretariatsleiar, så har skifte av denne funksjonen kvart år både ulemper og fordelar. Ulempa er at ein treng ein innkjøringsperiode og tid til å bygga både kompetanse og nettverk. Dermed blir det noko energilekkasje kvart år.

Fordelen er at sekretariatsleiar alltid er i det fylket som har det politiske leiarskapet, og dermed vil kunna vera ein støtte for leiaren av rådet.

Det er og ein risiko for at ei ordning med fast sekretariatsleiar kan utvikla seg til eit eige byråkrati, som kan svekka den politiske leiarskapen.

Ein tek såleis ikkje til orde for nokon endring av nåverande ordning med at sekretariatsleiinga følgjer det fylket som har den politiske leiinga av rådet.

Sekretariatsleiar har ein koordinatorfunksjon, og ser på vegne av fylkesrådemannen til at sakene kjem fram til rådet og at dei er godt førebudd. Han/ho må koordinere vestlandssamarbeidet og ha godt oversyn over det arbeidet som vert gjort.

### **Kontaktpersonar**

Kontaktpersonane i fylka bør vera tydeleg forankra i leiinga med god kontakt med fylkesrådmannen. Kompetansen deira bør vera slik at dei kan ta funksjonen som sekretariatsleiar når deira fylke har leiarskapen i rådet.

### **Faglege grupper**

Dei faglege gruppene med representasjon frå kvart fylke bør definerast tydeleg, med mandat gjeve av Vestlandsrådet eller AU. Årsmeldinga frå Vestlandsrådet bør innehalda delrapportar frå gruppene, i tillegg til orienteringar til rådet når det skjer spesielle ting.

Leiinga bør gå på omgang, slik at det fylket som har leiarskapen og har denne i dei faglege gruppene. Sekretariatsleiar kommuniserer som hovudregel med leiaren i gruppa.

### **Prosjekt**

Vestlandsrådet finansierer utviklingsprosjekt, -for tida cruise, reiseliv, hydrogen, marin forsøpling. Dei aktuelle faggruppene bør ha rolla som fagleg styringsgruppe for desse, og i samarbeid med sekretariatsleiar syta for at rådet er orientert om framdrifta.

### **Politisk beredskap**

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeid som mellom anna skal påverka sentrale styringsmakter. Då er det viktig at ein fanger opp dei sakene og problemstillingane som er viktige.

Dei sakene som kjem opp er i regelen politisk initiert. Men skal sekretariatet, og administrasjonen elles, ha ei rolle i den politiske beredskapen? Skal dei følgje med, og ta opp saker som dei meiner er viktige for Vestlandet? I så fall må sekretariatet ta ein meir strategisk rolle. Den rolla må i så fall utformast i nært samarbeid med den politiske leiinga. Deira ønskje om eit strategisk sekretariat treng nemleg ikkje vera konstant, men kan variera.

## 5 Nettsida

Det er gjort ei førebels gjennomgang av nettsida [vestlandsraadet.no](http://vestlandsraadet.no). Ein konstaterer at mykje av innhaldet ikkje er oppdatert, og at formen på sida ikkje heilt har følgt med i tida. I løpet av hausten 2019 vil det bli arbeidd med nettsida og med spørsmål knytta til informasjon om Vestlandsrådet sitt arbeid. Dette vil bli gjort i nær kontakt med dei kommunikasjonsfaglege miljøa i fylkeskommunane.

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent.*